

## Syklar 4.000 kilometer i året

30.01.2010

**Geolog i Statoil på Sandsli i Bergen, Dag Hermansen, er også en kjend mann i Uskedalen og oppheld seg her store delar av året. I BT-magasinet i dag blir han over tre sider presentert frå ei side som ikkje er så kjend: Som heilårs-syklist (biletet).og representant for dei som er med på sykle-til-jobben-kampanjen.**

Kvar einaste arbeidsdag denne vinteren har han sykla heimefrå, frå Søndre Skogvegen, til jobben og attende. Ruta utgjer rundt to og ei halv mil tur-retur og det blir truleg noko slikt som 4.000 kilometer i året. På det kaldaste denne vinteren var det som å bli sluppe ned i ein fryseboks for å sykla, innrømmer han i avisa. Han nyttar den gamle sykkelen til kona, med korg foran. Den har i teorien 20 gear, men dei frys fast og i praksis har han 4-5 gear. .

Dag synest det er eit ork å køyra bil. For han er det meningslaust å stå i kø sjølv om han kanskje brukar mindre tid samanlagt på å køyra bil. - Det er fint med frisk luft. og blåtimen no i vinter har vore fantastisk fin, seier Dag. Det er ei slik stemning at ein gløymer at ein sykklar! Ein gong i vinter køyrde han i eit usynleg snøhol og gjekk på hovudet over styret, men snøen var heldigvis mjuk.

Vanlegvis brukar han ein knapp halvtime på jobben, men på det verste i vinter gjekk det halvannen time.